

Byvandring i Ålesund

Slekt og Data – 10. juni 2017.

Slekt og Data sine by-vandringar i vårt eige fylke Møre og Romsdal har blitt svært godt motteke blant medlemmane. Byane i fylket har alle ein felles faktor for si utvikling til det dei er i dag – dei ligg nær til havet utanfor kysten. Vi har ei blanding av fast land med vanskelege fjell og flatare øyar – med eit mylder av fjordar som knyter oss alle saman. Det var dette som var styrken vår heilt tilbake til dei eldste tider. Det fanst alltid ei lun vik som gav ly for ver og vind – på fjordane tok folket seg lett fram med båt. Havet utanfor var rikt på mat i mange former – naturen sytte sjølv med innsig av fisk og kval inn i alle fjordar. Landskapet langs kysten hadde eit frodig og mildt kystklima – med store skogar og vilt det kunne jagast på. Reine paradiset ville vi kanskje ha kalla det i dag.

Som maur i ei murtue vart dette landet bygd opp av folka som budde her. Tidene har skifta – frå steinalder til vikingtid til svartedauen – gjennom uår og krig. Men den innsats og det harde slitet som folket la ned frå generasjon til generasjon gjennom alle tider, har nok prega oss som folkeslag. Ei slags «folkesjel» som er blitt del av vår kultur. Vi ser det heile tida – at vi stendig søker etter nye muligheiter for framtida. Det har ikkje alltid gått like fort. Ivar Aasen beskriv denne norske folkesjela omtrent på denne måten:

«Dei vil alltid klaga og kyta.
At me ganga so seint og so smaatt
men eg tenkjer, dei tarv ikkje syta
me skal koma , um ikkje so braatt.

Ja, det skyt ikkje fram, so det dunar
som no ingen kan undrast uppaa
men det munar daa jamt, ja det munar
so det stundom er hugnad aa sjaa

Lat det ganga fram, lat det siga
berre eitt eg ynskjer og bed:
at me ikkje so høgt maatte stiga,
at me gløyma vaar fedranesed.

Lat oss ikkje forfedrane gløyma
under alt, som me venda og snu,
for dei gav oss ein arv til aa gøyma
han er større, enn mange vil tru.

Lat det merkast i meir enn i ordi,
at me halda den arven istand,
at, naar fedrane sjaa att på jordi
dei kan kjenna sitt folk og sitt land.

På vandringane våre har vi tidlegare sett korleis Molde og Kristiansund har utvikla seg til det dei er i dag.



Denne dagen var det Ålesund – og treffet av oss vandrarar vart sett til rutebilstasjonen på Moa i Spjelkavik. Dei som då hadde teke vegen frå dei nordlege delane av fylket, hadde allereie nytta dei gamle fara gjennom vide landskap frå Nord-Møre til Molde, og vidare fjordvegen over Romsdalsfjorden med ferje til Vestnes. Vidare det gamle faret over Ørskogfjellet via Sjøholt til Dragsundet med Dragsundbrua.

Her ved Dragsundet ligg den flotte Solnør gard, i eige av familiane Daae-Qvale. Ivar Aasen var i åra 1835 til 1842 her som huslærer for Ludvig Daae jr. Grunnlaget for Ludvig si framtid synes her å ha blitt grunda på gode kunnskapar frå Ivar Aasen. Ludvig fortsette si vidare utdanning ved Molde Middelskole som student med graden laud. Den same Ludvig Daae jr. var i over 20 år stortingsmann i Johan Sverdrups regjering og seinare ordførar i Skodje. Sjølv tok Ivar Aasen no fatt på si eiga store livsoppgåve.

Dragsund-brua er så lita at kanskje få tenkjer over at dei no køyrde inn på den første av dei tre øyane som tradisjonelt utgjer Ålesund by sitt landområde. Ein kjen inn på Uksenøya. Den første delen av denne øya høyrer rett nok til Skodje kommune, men komen til Spjelkavik er ein godt inne på Ålesund sin del av denne øya.

Randi Viddal som vår guide for dagen, stod klar med buss her på busstasjonen på Moa. Etter at Åge Nortun hadde ønska alle velkomen og alle deltakarar hadde fått presentert seg, så tok Randi Viddal over mikrofona i bussen. Og den la ho ikkje frå seg så lenge vi

var i bussen både til og frå byen. Det er slik vi seier det her – «vi skal ein tur til byen». Spjelkavika er ein av dei mest ekspansive bydelane i Ålesund, og Randi kunne langs heile ruta langs Lerstadveien vise til og fortelje om spora etter aktivitet som finst over alt, Frå eit av landets største kjøpesentrum til forbrenningsanlegget for søppel som gjev varme og varmt vatn til mange. Lerstadveien skulle bli ny innfartsvei til Ålesund – men akkurat her har vi ikkje fått det til – den har ligge uferdig i mange ti-år - «men den skal koma, um ikkje saa braatt».

Uksenøya strekk ikkje lenger – vi kryssar kanskje utan at vi ansar det ei ny lita bru i Nørvesundet over til Nørvøya. I bussen fortel Randi vidare om idyllane med den flotte båthamna i Larsgården, om den vesle katolske kyrkja som ligg her, og om det flotte området som Sunnmøre Museum har ved Borgund kaupangen. Her ligg også den flotte Borgund kyrkje. Nørvøya er ikkje så stor – trafikken er tett – det same med husa – hus og instutisjonar over alt. Vi passerer våre to store arenaer for fotball og idrett, og er plutseleg midt i senter av byen – med den flotte hamna på eine sida, og det store dominerande rådhuset på andre sida. Over det heile ligg by-fjellet Aksla med Fjellstua.

Dei som er oppe på byfjellet har eit flott syn ned på byen denne dagen, med tre store turist-skip i hamna, dei ser hurtigruteskip, og hurtigbåtar på veg hit og dit - og dei mange flotte fritidsbåtane på hamna med folk som berre nyt av denne flotte byen – av Jugendbyen Ålesund.

Dei ser også det trafikk-kaos som gjerne bygg seg opp i byen – og det vrimmel av folk som det er over alt.



Ut i dette kaoset var det at Randi Viddal tok oss då buss-sjåføren fann ein plass der han kunne sleppe oss av. Medan vi gjekk langs den indre hamna mot Sant Olavs Plass og Skansen, fekk vi høyre litt av den dramatiske historia frå bybrannen i 1904, og korleis den tyske Keisar Wilhelm II sette inn store resursar på hjelp og gjenoppbygging av byen.

I Ålesund snakkar vi om føre og etter bybrannen.



Kontrastane er store mot dagens St. Olavs plass – ikkje ein einaste bil, berre enkelte vogner og kjerrer. Før brannen var det og mange fine hus i byen, bygde av trematerialar. Legg merkje til flotte hus og detaljar på dette bildet frå 1895.

Keisar Wilhelm II hadde i mange år besøkt vestlandsfjordane med sitt keisarlige skip «Hohenzollern» og vart begeistra i både landet og folket.

Brannen braut ut tidleg på natta laurdag den 23. januar 1904 – ei stormnatt frå nord med orkanbyer. På 15 timar brann 850 hus ned – 10 tusen menneske mista alt dei hadde. Og det var vinter. Då meldinga om brannen nådde Tyskland, sette keisaren straks opp tre store skip – forsyningar av alle slag vart samla inn frå folk i Bremen, Hamburg og andre byar. Medisinsk personale vart og teke med.

Alt på tysdagen 26. januar kom det fyrste tyske skipet inn til Ålesund hamn – det var den store panserkryssaren «Prinz Heinrich» som frå Hamburg hadde med stor fart gått rett mot Ålesund. Kryssaren hadde kraftige lyskastarar som vart retta inn over «øydelandet» der inne i svarte natta. Dette vart nok eit verkeleg «lyspunkt» for folket i desse kalde vinternettene.

Harald Grytten har sitert nokre linjer frå Aftenposten som beskreiv situasjonen slik:
«Aalesunds By, rige og fattige – alle stænder – iler til den duftende Kjødsuppe paa de tyske Skibe. -


- Der var menn, kvinner og barn i ynkelig forfatning.

Forfrosne, bleke og dårlig kledte, med preg av sult og savn, kom de opp til de dekkede bord på skipene. Der fantes bland de mange tusende nesten ingen, som hadde smakt varm mat siden branndagen.


Frysende kom de ned i de oppvarmede rom, hvor der etterhånden servertes ferskt kjøtt, suppe, erter, kjøtt og flesk. Store ladninger hvetebrød, som anbraktes til hver plats, blev mottaget med glede»

To mindre skip frå Danmark og Sverige kom fram eit par dagar seinare.

England reagerte så seint at deira hjelp ikkje vart nødvendig – Tyskland hadde «vunne».



Arbeidet med opprydding og gjenoppbygging tok snart til. Vi ser at byen alt i 1910 på bildet over hadde nye flotte bygningar. På dette bildet ser vi Løvenvoldgata frå 1910, slik den går oppover bakken frå St.Olavsplass. På berre ca 5 år har heile gata fått nye flotte hus – i flott hoggen stein. No er stilen Jugend – i Keisar Wilhelm si ånd. Desse flotte husa står der den dag i dag. Det øvste huset til høgre er Hotel Scandinavia – ein sann «juvel» som er open for dei som besøker hotellet enten det er for ein matbit eller overnatting.



Det er lenge sidan Storneskaia i Ålesund såg slik ut. Det er heller ikkje det same frammøte når turistskipa kommer inn i dag. Cruiseanløp i Ålesund har blitt meir vanleg i dag enn i slutten av 1920-åra då Monte Rosa la til kai omgitt av klippfisk til tørk (E. Knudsen, Ålesunds Museum).

Petter K

Då vi køyrde inn til Ålesund denne dagen den 10. juni 2017 låg det inne tre store turist-skip ved Stornespiren. Vi såg no ein moderne del av byen med store kaianlegg og ein moderne rutebilstasjon like ved.

Turistar har alltid hatt dragning til det flotte landet vårt. Ca 1925 såg Stornespiren slik ut som vist på bildet over. Her ligg det mektige skipet «DS Monte Rosa» ved kaia.

Frå bildet ser vi at fjøra er i bruk for å «tørke» salta fisk til å bli Klippfisk. Kanskje er det litt seint på ettermiddagen slik at all fisk er lagt opp i store runde stablar som vart dekt over med ein manglekanta tre-flake som tak slik at regn ikkje skulle kunne renne ned i fisken. Sidan arbeidsdagen er slutt for klippfisk kjerringane og borna – det var gjerne dei som hadde ansvaret for dette arbeidet – så er det kanskje dei som vi ser sitjande oppe i skråninga på haugen og ser over til folkelivet på kaia og det store turist-skipet. Kva slags draumar hadde dei for si framtid – for korleis deira by skulle utvikla seg vidare?

Den gamle Rutebilstasjonen i Ålesund ved Stornespiren.
Fotografert fra Rønneberghaugen.
Bilde tilhører Rutebilhistorisk
forening avd. Sunnmøre



Neste bildet er fra slutten av 1950 talet, men bygningane på den gamle rutebilstasjonen er omtrent slik dei vart sett opp på 30 og 40 talet. Tidleg på 1930 talet hadde det blitt så mange rutebilar i distrikta som hadde ruter til Ålesund at det måtte byggast ein rutebilstasjon. Halve haugen som vi såg klippfisk-kjerringane og ungane sitje på, ser vi at no er sprengt bort. Haugen vi snakkar om er Rønneberghaugen – kanskje den mest omsnakka haug i Ålesund regionen.

Etter kvart vart fjøra nedanfor bygd ut med steinfyllingar – og steinen kom nok frå «skjering eller skjering» som vart sprengt ut frå «haugen» på andre sida av gata. Slik vart både gata og fyllinga breiare og breiare. Den stod seg «godt» fram til 1960 talet sjølv om bilar og bussar var blitt fleire og større.

Deler av den nye rutebilstasjonen i Ålesund
med Rønneberghaugen fortsatt der.
Bilde ved Rutebilhistorisk forening,
Avd. Sunnmøre ved PKU



Utover i 1960 talet tvang utviklinga i reiseliv og turisme likevel fram ei utviding av gateareal - og for ein ny og større rutebilstasjon, På bildet over anar vi at kanten på Rønneberghaugen er blitt flytta «lengre opp», og at steinen har gått til utviding av arealet mot sjøen.



På bildet over ser vi gata på andre sida av den nye rutebilstasjonen. Vi ser tydeleg «sprengkanten» slik Rønneberghaugen då såg ut, med den fantastisk flotte Rønnebergvillaen i bakkant. No fekk by-planleggjarane nye idear – dei hadde sett at dynamitt flytta fjell. No ville dei ha bort resten av haugen – og villaen også – for å gje plass til nytt rådhus i byen. Slik gjekk det til at det styggaste huset i Ålesund vart bygd – den store firkanta «klossen» som vi ser på bybildet høgre opp i Artikkelen. Ekte by-patriotar vil helst ikkje snakke om dette – då er gråten ikkje langt borte.



Bildet over viser den nye rutebilstasjonen slik den var ut på 1970 talet – og slik Stornespiren var – framleis med turistskip i hamna. Her er ikkje plass til klippfisktørking lengre – den næringa har utvikla seg vidare i industriell retning.

Flotte og velstelte jugend-fasadar ser ein over alt i det gamle sentrum av byen. Denne



fasaden ser ein oppe i Løvenvoldgata.

Byens tak er i seg sjølv litt av eit syn slik Randi fortalde om det – at alle husa skulle ha skiferstein som ikkje kunne brenne. Under alle tak og tårn finst det staslege jugend bygningar.



Flotte syn for Jugend -auga finn ein og innadørs – spesielt bør nemnast Jugend-senteret. Slik midt i turisttida kom vi oss med ei stor gruppe ikkje inn dit, for byen er full av turistar som vil oppleve denne flotte og spesielle byen.

10

Nedanfor kompenserer vi derfor med eit eit par andre innandørs bilde.

Kva med denne flotte vegg.



Eller denne flotte steintrappa med smijarn arbeid frå tida dei bygde Eifeltårnet.

Randi kunne ha prata Ålesund heile dagen og meir til, men bussen heldt tida godt – det same gjorde Randi.

Før vi gjekk på bussen igjen, rakk Randi å få fortalt ein del av historia om Nordsjø monumentet. Under andre verdskrigen vart Ålesund eit senter for Nordsjø-trafikken. Vi fekk sjå dette flotte minnesmerket på Skateflu-kaia. På store plakatar med tekst og bilde fortel Ragnar Ulstein om denne dramatiske tida.


Tyskarane kalla Ålesund for «Lille London» - eit «bynamn» til ære for dei mange som bidrog til dette namnet.

Før vi fekk sansa oss etter at vi på ny var komen i bussen, kryssa vi «Ålesundet» over den flotte Hellebrua. Her finn vi og eit av travlaste kryssa i byen. For nokre år sidan var løysinga på problema å lage ei rundkøyring i krysset. Midt i krysset var det eit kumlokk – dette vart måla kvitt – og vegvesenet sette opp skilt for rundkøyring.

Slik fekk Ålesund den minste rundkøyring i verda – den fungerte omtrent like bra som rundkøyringa rundt Triumfbogen i Paris. Kanskje er den alt registrert i «Guinness».

På andre sida av Ålesundet ligg Aspøya - Ålesund si tredje øy.

Her på toppen ligg Aspøy skule med sitt berømte tårn, som under krigen vart skote ned under krigshandlingar.



Her finn vi også den gamle ærverdige Latinskulen - eit massivt og mektig byggverk av stein – i flottaste jugendstil naturlegvis. Og i gangavstand frå den flotte Ålesund kyrkje.



Medan Randi Viddal fortalte om den mektige Ålesund kyrkje – med flotte maleri og glasmaleri, så kunne artikkelforfattaren mimre litt over sine egne minner frå Latinskulen og Ålesund kyrkje. På slutten av 1950 talet var han då gjennom tre år sjølv elev ved Latinskulen. Musikk læraren vår i desse åra var organisten i Ålesund kyrkje – den svært markante og kjende organist Edvard Solem. Edvard Solem levde for orgelmusikken – og for korsong – med eige elev-kor frå Latinskulen. Vi hadde fleire samlingar i kyrkja – organist Solhem demonstrerte då den orgelmusikk han kunne få ut av eit av dei største kyrkjeorgla i Europa. Fjernverket gav oss som sat nede i kyrkja ei slags føling av noko overjordisk – at det var nokon langt der oppe som spelte til oss. I alle år seinare i livet når underteikna høyrer orgelmusikk – går tankane til desse opplevingane i Ålesund kyrkje.

I tråd med sine interesser for musikk og korsong, tok Edvard Solhem og eit initiativ til at hans skule-kor skulle få treffe tilsvarande kor i venskapsbyane våre. Treffet dette eine året skulle vere i Randers i Danmark, dit kom og kor frå Lati i Finland og Västerås i Sverige. Med tog frå Åndalsnes og «Peter Vessel» frå Larvik til Danmark vart dette opplevingar som vi som ungdomar aldri har gløymt. I Randers budde vi ein gut frå kvart land fire og fire i same familie. Min familie var Aage og Lisbet Gilberg. Då vi reiste fekk kvar av oss med oss eit minne hans signerte bok frå eskimo-miljøet på Grønland - «Verdens nordligste læge». Som eit kjærte minne er denne boka teken godt vare på.

Edvard Solem kjem vi heller aldri til å gløyma. Det hadde seg slik at det i Randers skulle avsluttast med ein felles konsert med alle fire kora frå dei fire landa. Under felles øvingar hadde vi store opplevingar alle saman.

Men vår Edvard var ein stri mann med bestemte meiningar – det var noko der som han ikkje fekk til å gå sin veg. Så Edvard nekta oss frå Ålesund til å delta i den siste felles konserten. For oss var og vart han likevel stor – ein mann ingen gløymmer.



Siste posten på denne svært spennande dagen, vart turen ut til Akvariet på Tueneset. For å kome dit måtte vi krysse endå ei bru – Steinvågbrua.

Vi passerer gjennom Steinvågen, og svingar snart over mot Tueneset med fri sikt ut mot storhavet. Denne frie sikta sette og tyskarane sin «pris» på under verdskrigen, med store kanoner mot havet som dei hadde her.

No er det Akvariet som trivs her, med selar og sjødyr, pingvinar og store måsar som inviterer seg sjølv hit. Og store fisketankar med eit mylder av «våre» fiskeslag. Så store er tankane at fiskane her blir mata framfor publikum – av froskemann med matsekk til dei.

Etter at fiskane var gode og mette, så var det vi ekte by-vandrar som skulle få mat.

Matinga av oss tok plass i eige lokale på Akvariet – som fiskane i dei store tankane fekk vi og fisk til mat. Vi måtte sikkert ha reist langt – minst til Kristiansund for å oppleve maken til den velsmakande backalaoen som vi no fekk servert her.

Då også pingvinane og selane hadde fått sine porsjonar med mat framfor oss som publikum, var både vi og fiskar, dyr og fuglar vel nøgde med dagen.

Bussen til ho Randi var på plass til rett tid, og kunne fortsette tilbake over bruene som knyter Ålesund saman som by. Som repetisjon tilbake over Steinvåg brua, over Hellebrua, over Nørvesundbrua og til slutt vegen over Dragsundbrua.

Etter slike flotte turar som vår Møre og Romsdal avdeling av Slekt og Data steller til med – så er det ikkje til å undrast på at tankane alt no går eitt år fram i tida – kvar skal vi då?

Vatne 19. juni 2017

Artikkel ved Petter K Ulvestad

Slekt og Data M&R.